

**RAMMEPLAN FOR TVERRFAGLEG
FORDJUPINGSEINING I ESTETISKE FAG I
FØRSKOLELÆRARUTDANNINGA (10 VEKTTAL)**

**Fastsett av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet
30. april 1999.**

RAMMEPLAN FOR TVERRFAGLEG FORDJUPINGSEINING I ESTETISKE FAG I FØRSKOLELÆRARUTDANNINGA (10 VEKTTAL)

Den tverrfaglege fordjupingseininga i estetiske fag, 10 vekttal, er ei vidareføring av og ei fordjuping i dei estetiske faga musikk, forming og drama i førskolelærerutdanninga. Fordjupingseininga er retta mot studentar i 3-årig førskolelærerutdanning, og kvalifiserer for arbeid med barn i dei same aldersgruppene som rammeplan for førskolelærerutdanning legg opp til. Eininga kan også nyttast som vidareutdanning.

INNLEIING

Om estetiske fag

Estetiske og kunstnariske uttrykks- og samværsformer finst i alle kulturar. Mennesket har til alle tider uttrykt behov, tankar, kjensler, opplevingar og erfaringar gjennom ulike former for kunstnarisk verksemd. Kunstformene spelar ei viktig rolle når det gjeld å skape sosial og kulturell identitet. Historia og kulturen til eit folk kan speglast og overleverast i form av litteratur, teater, musikk, dans, film, biletkunst, kunsthandverk, design og arkitektur. Slik er kunst ein viktig faktor i mellommenneskeleg kommunikasjon. Dette gjer kunst, i vid tyding, til ein identitetsskapande faktor for einskildindivid, for grupper og nasjonar.

Møtet mellom ulike kulturar og tradisjonar kan gi nye impulsar og grunnlag for refleksjon og respekt for andre si oppfatning. Mange innvandrargrupper i Noreg representerer kulturar med rike tradisjonar i ulike kunstarter. Dette kan gi ny oppleving og erkjenning.

I den vestlege kulturen har vi lange tradisjonar for kunstfagleg spesialisering som til dømes i ulike typar biletkunst, brukskunst, musikk, teater, opera, dans og litteratur. Dette er viktig for å få fram kunstnariske uttrykk på høgt nivå. Mediasamfunnet og ei stadig aukande globalisering har skapt nye arenaer, ny kunnskap og nye uttrykk og metodar. I samtidskunsten har vi sidan modernismen sett ei stigande interesse for grenseoverskridande og integrerte kunstuttrykk. I dag spelar tverrfaglege kunstnariske uttrykk ei vesentleg rolle både på kunstarenaene og i kunstutdanningsinstitusjonane.

Dei estetiske faga i skolen byggjer på ei eller nokre tilgrensande kunstartar. Faga har både ei kunstnarisk og ei praktisk/handverksmessig side. Det har alltid vore nær samanheng og vekselvirke mellom kunstnarisk verksemd, samfunnslivet elles og dei estetiske faga. Ny kunnskap og fagleg utvikling blir ofte initiert ved at skapande og utøvande kunstnarar først sprengjer grenser og skaper ny oppleving og ny erkjenning. Etter det følgjer ein meir vitskapleg og teoretisk analyse, strukturering og forklaring som òg kan medvirke til endring og utvikling i dei ulike estetiske fagområda. Ny teknologi og nye materiale fører òg til utvikling i faga.

Det er ei grunnleggjande oppgåve å stimulere kreativ uttrykksevne og kulturell forståing gjennom barnehage og grunnskole, både på grunn av fagspesifikke mål, men også med omsyn

til dei allmennpedagogiske måla for barnehagen og grunnskolen som kunnskaps- og verdiformidlar og som samfunnsformar.

Den spontane leiken er kjelde til erfaringar gjennom eksperimentering, prøving og feiling, problemløysing og skaping - alt ut frå naturlege føresetnader og behov. Leiken er fri og ubunden av materialmessige og tekniske skiljelinjer og klassifikasjonar. Leiken er bygd av skapande prosessar som er i slekt med kunstnariske prosessar. Difor er det også viktig at barn, både i barnehagen og i grunnskolen, får møte og arbeide med tverrfaglege kunstuttrykk på ein slik måte at dei kan ta i bruk og vidareutvikle dei erfaringane dei har med seg frå leik og leikprega aktivitetar.

Tverrfagleg fordjupingseining i estetiske fag vil difor vektleggje leiken og tverrfaglege kunstnarlege uttrykk og verkemiddel for å førebu studentane til kunstpedagogisk arbeid for og med barn etter gjeldande planverk for barnehage og grunnskole.

Estetiske fag i opplæringsystemet

I rammeplan for barnehagen er tverrfagleg estetisk fagområde ein integrert del av det pedagogiske tilbodet. I læreplanverket for grunnskolen er faga musikk og kunst og handverk omtalt kvar for seg, men det er forutsett at ein stor del av opplæringa skal foregå som tverrfaglege tema og prosjektarbeid. Planverket legg òg vekt på den estetiske dimensjonen i opplæringa og på drama som fagområde og metode.

I barnehage, grunnskole og vidaregåande opplæring er oppleving av kulturelle uttrykksformer og eiga skapande verksemd sentrale verkemiddel for å utvikle kreative evner for allsidig meistring av ulike og komplekse problemstillingar. Kunst- og kulturformidling skal medverke til å gi elevane oppleving og erkjening av den kunnskapen og det kunstnariske engasjementet som er nedfelt i ulike kunststartar sine uttrykk - for så å finne utløp for eigne skapande evner og uttrykksbehov. I opplæringa er utvikling av evner til skapande handling, eksperimentering og vurdering sentrale mål.

I vidaregåande opplæring inngår fleire av dei estetiske faga i ulike grunnkurs og i vidaregåande kurs. Høgskolar og universitet tilbyr studium i estetiske fag og kunstfag med ulikt innhald og på ulike nivå.

Musikk- og kulturskolar, folkehøgskolar, vaksenopplæring og frivillig kursverksemd gir også tilbod av kunstfagleg art.

Estetiske fag i lærarutdanninga

Den auka satsinga på den estetiske dimensjonen og på faga i skolen, på musikk- og på kulturskolar og anna frivillig kunstopplæring, har ført til behov for fleire kunstpedagogiske studietilbod for lærarar. Faga inngår nå både som obligatoriske og valbare studieeiningar i ulike lærarutdanningar og som vidareutdanning for lærarar. Ein kan ta treårig eller fireårig faglærarutdanning i eitt eller fleire av desse faga. Kandidatar med eksamen frå ulike estetiske fag kan bli lærarar ved å ta praktisk pedagogisk utdanning der aktuell fagdidaktikk inngår.

Dei estetiske faga drama, musikk, forming/kunst og handverk, norsk og dans er framleis viktige i førskole- og allmennlærerutdanninga med sikte på å føre vidare tradisjonane i dei einskilde faga. I tillegg til ei spesialisering og perfektjonering i dei estetiske faga, er det ein trong for oppbygging av kompetanse på tvers av faga; mot det tverrfaglege kunstområdet. Ein slik kompetanse kan vere ei hjelp til å kunne gi barn ein breiare kontakt med allsidige kunstnariske uttrykk i samtida.

Tverrfagleg fordjupingseining i estetiske fag er bygd opp med følgjande tre målområde:

- *kunstfagleg eigenutvikling*
- *kunst, kultur og samfunn*
- *kunstfagleg arbeid for og med barn*

Fagdidaktikk er knytt til alle målområde.

MÅL OG MÅLOMRÅDE

Mål

Studentane skal

- tileigne seg kunnskapar, haldningar og dugleik gjennom eige skapande arbeid
- utvikle kompetanse for planlegging, gjennomføring og vurdering av tverrfagleg kunstpedagogisk arbeid for og med barn i samsvar med gjeldande planverk
- utvikle evne til formidling og engasjement gjennom tverrfagleg kunstpedagogisk arbeid
- utvikle forståing for og kunnskap om samanhengen mellom lek og kunstnariske prosessar
- utvikle evne til lagarbeid, kompetanse og interesse for tverrfagleg utviklingsarbeid
- utvikle fagdidaktisk kompetanse.

Målområde

KUNSTFAGLEG EIGENUTVIKLING

Gjennom arbeid med eigne tverrfaglege kunstnariske prosessar skal studentane utvikle fagkunnskap og evne til refleksjon og vurdering. Kunstfagleg eigenutvikling er ein føresetnad for å forstå samspelet mellom form, innhald og verkemiddel. Dette skal difor spele ei grunnleggjande rolle i studiet.

Studentane skal kunne

- gjere greie for bruk av sentrale formalelement og kunstnariske verkemiddel i tverrfaglege kunstuttrykk
- løyse praktiske, tekniske og organisatoriske problem i utvikling og gjennomføring av kunstnariske prosjekt
- vurdere og bruke ulike formidlings- og presentasjonsformer
- gjere greie for og vurdere metodar og kvalitet i tverrfaglege kunstuttrykk
- vurdere eigen uttrykkskompetanse og setje seg mål for og arbeide med si eiga utvikling.

KUNST, KULTUR OG SAMFUNN

Målområdet omhandlar samspelet mellom kunst, kultur og samfunn. Kunst- og kulturpolitikk og kunst- og kulturinstitusjonar er rammefaktorar og premissleverandørar for korleis vi opplever og utøver kunstuttrykk. Kunst og kultur spelar også ei rolle som samfunnsformar. Dette vil bli sett på både i eit historisk perspektiv og i eit samtidsperspektiv. Det skal leggjast spesiell vekt på kunst- og kulturformidling til barn.

Studentane skal kunne

- gjere greie for sentrale trekk ved kunststartane si historie med spesiell vekt på samtidskunsten og kunsten i det 20. hundreåret
- gjere greie for norsk kulturpolitikk og norske kunst- og kulturinstitusjonar på ulike nivå
- gjere greie for og vurdere kunst- og kulturformidling til barn
- analysere gjeldande planverk for barnehage og grunnskole i forhold til arbeid med kunst og estetikk.

KUNSTFAGLEG ARBEID FOR OG MED BARN

Barn er både mottakarar og utøvarar av kunst- og kulturuttrykk. Målområdet legg difor vekt på kompetanse i kunst- og kulturformidling til barn. Like sentralt er utvikling av og vurdering av kunstfaglege arbeidsprosessar tilpassa barn i barnehage, grunnskole, skolefritidsordningar og kulturskolar.

Studentane skal kunne

- gjere greie for estetisk utvikling, leik og kreativitet hos barn
- gjere greie for barn sine behov som mottakarar av kunst- og kulturuttrykk
- gjere greie for barn sine behov som utøvarar
- planleggje, gjennomføre og vurdere tverrfagleg arbeid i dei estetiske fagområda i samsvar med gjeldande planverk og i samsvar med behovet i gruppa og til det enkelte barn.

ORGANISERING OG ARBEIDSFORMER

Studiet er eit praktisk-teoretisk fag der den utøvande delen utgjer hovuddelen. Det må leggjast stor vekt på utvikling av både handverks- og uttrykksmessig kompetanse i tverrfagleg estetisk arbeid. Studiet skal difor leggjast opp, både organisatorisk og pedagogisk, slik at ein unngår ei fragmentering av fagområdet i forhold til fagutgangspunkta drama, musikk og forming.

I studiet skal ein leggje vekt på praktiske og aktive studieformer som er i samsvar med arbeidsformer i barnehage og grunnskole. Ulike typar verkstadsarbeid der ein gjennom skapande og utøvande aktivitetar kan utforske og eksperimentere med ulike kunstnariske verkemiddel, skal veksle med førelesingar og arbeid med meir kunstteoretiske og fagdidaktiske emne. Studentane skal arbeide både individuelt og i grupper.

Utvikling av eiga form- og uttrykksevne er sentralt i studiet, likeins leiing og formidling av kunstfaglege uttrykk. Studentane skal arbeide med ulike teknikkar og m.a. få trening i bruk av tekniske og elektroniske media innan lys, lyd og bilete.

Med utgangspunkt i mål og målområda skal studiet organiserast i kurs- og prosjektperiodar av ulikt omfang.

Som ein del av studiet skal studentane utføre eit fordjupingsarbeid. Fordjupingsarbeidet kan organiserast som individuelt arbeid eller som gruppearbeid. Studentane skal formulere egne tverrfaglege problemstillingar knytte til studiet, og gjennomføre eit systematisk og sjølvstendig arbeid innan eit avgrensa felt i studieeininga. Fordjupingsarbeidet kan sjåast i samanheng med praksisgjennomføringa og vere eit praktisk-pedagogisk utviklingsarbeid.

Studentane skal gjennomføre kunstpedagogisk arbeid med barn. Praksis skal leggje vekt på formidling, observasjon og tverrfagleg samhandling med barn.

VURDERING

Høgskolen sin fagplan fastset arbeidskrav som skal vere gjennomførte og godkjende før studentane kan framstille seg til eksamen. Fagplanen klargjer om fordjupingsarbeidet skal vere forprøve eller ein del av eksamen og telje med i endeleg karakter. Den fastset også kva vekting dei ulike målområda skal ha.

Høgskolen vedtek korleis eksamen skal organiserast. Eksamen skal omfatte både kunstnariske, teoretiske og fagdidaktiske komponentar.

Vurdering skal vere i samsvar med lov om universitet og høgskolar av 12. mai 1995.